

**Konsesjonssøknad
for
Solheimsdalen Kraftverk**



Foto: Parti frå Brekkelva.

Solheimsdalen kraftverk – Tysnes kommune – Hordaland fylke.

Solheimsdalen Kraft AS
Org.nr.: 993 234 559

NVE – Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Solheimsdalen kraftverk

v/Knut Magne Dalland
Nadabergstubben 18
4315 Sandnes
dalland@solheimsdalen-kraft.no
Telefon: 47 50 11 00

Vik i Sogn, 23. Mars 2017

Søknad om konsesjon for bygging av Solheimsdalen kraftverk

Solheimsdalen Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Brekke-/ Singelstadelva i Tysnes kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Solheimsdalen kraftverk etter omtala planer i søknaden
- Det vert ikkje søkt om reguleringar eller overføringar i prosjektet.

II Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Solheimsdalen kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

For Solheimsdalen kraft AS

Bystøl AS

Agnar Fosse



e-post: af@bystol.no

Tlf.: 91 13 29 98

Samandrag

Solheimsdalen kraftverk er planlagt Brekkeelva (øvre del) og Singelstadelva (nedre del) i Tysnes kommune.

Følgjande hovuddata gjeld for anlegget:

Fylke: Hordaland		Kommune: Tysnes	Gnr.: 144/1,145/1,147/1,147/2,148/1 og 2	
Elv: Brekke-/Singelstadelva		Nedslagsfelt: 9.02 km ²	Inntak kote: 283 m.o.h.	Utløp kote: 130 m.o.h.
Slukeevne maks: 2,1 m ³ /s	Slukeevne min: 0,08 m ³ /s	Minstevassføring: Sommar: 45 l/s Vinter: 50 l/s	Installert effekt: 2,9 MVA	
Årsproduksjon: 7,9 GWH		Utbyggingskostnad: 29,3 mill. NOK	Utbyggingskostnad pr. kWh: 3,7 kr/kWh	

Frå inntaket, vert vatnet ført inn i eit ca. 1430 m langt tilløpsrøyr på 900 - 1000 mm. Tilløpsrøyret er planlagt nedgraven i heile lengda. Det er ikkje planlagt reguleringar eller overføringar ved anlegget.

I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne og landskapsmessige tilhøve i eller i tilknytning til elva, er det registrert små negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket. Tiltaket er vurdert som positivt for lokalsamfunnet generelt og fallrettseigarane spesielt.

I samband med registrering av biologisk mangfald i området er det påvist to raudlista artar, alm og ask. I tillegg er det registrert tre raudlista naturtypar; fosseberg, elveløpet og ei open myrflate. Dei raudlista artan vert lite påverka av ei utbygging, medan naturtypane vert i noko større grad påverka. Det er registrert fossefall i nedre del av vassdraget. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet ved ei utbygging er samla vurdert som middels negativ.

Som ein del av dei avbøtande tiltaka er det foreslått å sleppe minstevassføring lik 5-persentil sesongvassføring:

- o 45 l/s i perioden 1. mai – 30. september
- o 50 l/s i perioden 1. oktober – 30. april.

Innhald

1 Innleiing	6
1.1 Om søkjaren.....	6
1.2 Grunngeving for tiltaket.....	6
1.3 Geografisk plassering av tiltaket.....	6
1.4 Skildring av området.....	9
1.5 Eksisterande inngrep.....	10
2. Omtale av tiltaket	12
2.1 Hovuddata.....	12
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet.....	14
2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlag for dimensjonering av kraftverket).....	15
2.2.2 Overføringar.....	19
2.2.3 Reguleringsmagasin.....	19
2.2.4 Inntak.....	19
2.2.5 Vassveg.....	21
2.2.6 Kraftstasjon.....	23
2.2.6 Køyremønster og drift av kraftverket.....	24
2.2.7 Vegbygging.....	24
2.2.8 Massetak og deponi.....	24
2.2.9 Nettilknytning (kraftliner/kablar).....	24
2.3 Kostnadsoverslag.....	26
2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket.....	26
2.5 Arealbruk og eigedomsforhold.....	27
2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar.....	29
3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	30
3.1 Hydrologi.....	30
3.1.1 Variasjon i middelvrenning.....	30
3.1.2 Avløpets fordeling over året.....	30
3.1.3 Restvassføring.....	32
3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima.....	36
3.3 Grunnvatn.....	36
3.4 Ras, flaum og erosjon.....	37
3.5 Raudlisteartar.....	38
3.6 Terrestrisk miljø.....	39
3.7 Akvatisk miljø.....	40
3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	41
3.9 Landskap og store samanhengande naturområde med urørt preg (SNUP).....	41
3.10 Kulturminne og kulturmiljø.....	46
3.11 Reindrift.....	46
3.12 Jord- og skogressursar.....	46
3.13 Ferskvassressursar.....	46
3.14 Brukarinteresser.....	47
3.14.1 Fiske.....	47
3.14.2 Jakt.....	47

	3.14.3 Ferdsel og friluftsliv.	47
3.15	Samfunnsmessige verkningar	47
3.16	Kraftliner.....	48
3.17	Dam og trykkrøyr	48
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar	48
3.19	Samla vurdering	48
3.20	Samla belastning	50
4	Avbøtande tiltak.....	51
5	Referansar og grunnlagsdata.....	53
6	Vedlegg til søknaden	53
Vedlegg 1	Regionalt kart	54
Vedlegg 2	Oversiktskart ca 1: 50 000	55
Vedlegg 3	Detaljert kart – utbyggingsområdet- 1:5 000 (A3)	56
Vedlegg 4	Hydrologiske kurver – frå NVE rapportar 2009 og 2011.....	57
Vedlegg 5	Fotografi-råka område med visualisering	64
Vedlegg 6	Foto av vassdraget under ulike vassføringar.	70
Vedlegg 7	Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar.....	72
Vedlegg 8	Dokument frå områdekonsesjonær og nettkapasitet.....	73
Vedlegg 9	Rapport biologisk mangfald.	74

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tiltakshavar og søkjar er Solheimsdalen Kraft A/S org.nr. 993234559, som vart skipa 28/9-08 av grunneigarane av Gnr / Bnr – 148 / 1 og 2. -147 / 1. -147 / 2.

Kontaktinformasjon:

Solheimsdalen Kraft A/S
Adr.: Solheimsdalen, 5694 Onarheim

Kontaktperson:
Knut Magne Dalland
Nadabergstubben 18,
4315 Sandnes
Telefon: 47 50 11 00
E-post: dalland@solheimsdalen-kraft.no

Det vart i 2010/2011 vurdert konsesjonsplikt for kraftverket, med konklusjon om at omfanget av tiltaket slik at det er nødvendig med konsesjonshandsaming etter vassressurslova. I samband med konsesjonspliktvrderinga var saka ute til høyring, og det kom inn høyringsfråsegner frå m.a. Fylkesmannen i Hordaland (ref. 2010/4904-561) og Hordaland fylkeskommune kulturavdelinga (200809655-2/344/VIBE).

1.2 Grunngeving for tiltaket

Det er grunneigarane sitt ynskje å utnyttja vassressursane tilknytt gardsbruka. Desse gardsbruka er alle generelt lite nytta i dag, forutan eit som det enda er drift på. Kraftverket vil gje auka ressursgrunnlag for gardsbruka og vil vera positiv for framtidig busetnad og drift.

Det er 3 av grunneigarane som søker om utbygging gjennom Solheimsdalen Kraft AS

Kraftverket er ny fornybar kraft, og vil gå inn i Noregs bidrag inn mot EU-direktiv av 2009 der Noreg har forplikta seg til å auka fornybar til 69,5% innan 2020, mykje av dette skal koma frå ny vasskraft. Kraftverket vil bidra til å nå dette målet.


Kraftverket vil gje auka skattegrunnlag til det offentlege. Tiltaket vil også vera positiv i forhold til arbeidsplassar under anleggsperiode, og under drift er det rekna behov for 0,3 årsverk.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Vassdraget ligg i Hordaland fylke i Tysnes kommune med vassdragsnr. 054.5. Tiltaksområdet er lokalisert i Solheimsdalen mellom Gjermevatnet til Singelstadvatnet, ca 5 km aust for kommunesenteret Uggdal og ca 5 km nord for tettstaden Onarheim.



Figur 1 Plassering av tiltaket, henta frå: www.gislink.no



Figur 2 Kart som viser tiltaket. Frå www.gislink.no.

Sjå også Vedlegg 1 Regionalt kart, Vedlegg 2 Oversiktskart og Vedlegg 3 Detaljert kart – utbyggingsområdet.

1.4 Skildring av området

Brekke-/Singelstadelva ligg i Solheimsdalen, ein mindre del av heile Onarheimsvassdraget i Tysnes kommune. Nedre deler av Onarheimsvassdraget frå Onarheimsvatnet er regulert med demning. Tidlegare vart denne reguleringa nytta til sagbruk, i dag er den nytta til lakseoppdrett.

Den omsøkte reguleringa ligg mellom Gjermevatnet og Singelstadvatnet. Landskapet har ei sør-vestleg eksponering og omsøkt elvestrekning har utlaup i austre enden av Singelstadvatnet.

Berggrunnen er i vassdraget stort sett dominert av gabbro og amfibolitt. Dette gjev eit middels rikt grunnlag for jordsmonn og flora, men andre faktorar som lokalklima, edafiske forhold og arealbruk spelar ei stor rolle for lokalt biomangfald.

Nedbørsfeltet varierer topografisk mellom dei øvre delar, med fjellheier (opp til over 700 moh) og skoggrense, samt mindre dalføre med eit særpreg av større myr -areal. Ei rekkje vatn finnest i vassdraget som heilheit.

Brekkeelva, øvre del av tiltaksområdet, har eit svakt fall frå Gjermevatnet og ned til elvekløfta (Brekkefossen) før elvedalen (Brekkegjelet). Brekkeelva er omgitt av eit myrlandskap med noko kantvegetasjon. Elveløpet er prega av fjell og steinblokker.

Foto, typiske parti i Brekkeelva øvre del.



Midt i lia er landskapet brattare, og i elva finn vi Brekkefossen som eit markert landskapselement. Frå fossen og vidare nedover renn elva i ei meir markert kløft i terrenget. Her er meir storvaksen og rikare skog med m.a. osp, ask, alm og hassel. Lauvskogen veks på det meste av denne strekninga utover sjølve elvestrengen og elva er mindre synleg. Bildet under viser øvre del av Brekkefossen der han renn utfor, og eit parti frå nedre del av vassdraget, Singelstadelva, som renn gjennom kulturlandskap med noko kantvegetasjon før utløpet i Singelstadvatent. I dette nedre partiet renn elva over ei meir kontinuerleg strykstrekning.



1.5 Eksisterande inngrep

Ein stor del av influensområdet er kulturmark, varierende frå dyrka mark, frå vide beitemarker til naturmark (myr, skog og kystfjellheier). Størstedelen av beitemarkene ber preg av redusert bruk og mose har tatt over store deler av det mest produktive arealet. Skogsveg/traktorveg er etablert i vassdragets midtarste parti frå ende på kommunal veg på Skjolda. Denne skogsvegen går inn mot planlagd inntak, det må her etablerast ny stikkveg til inntaket. Det er parti nær vassdraget med noko innplanta gran, men ikkje der røytraseen er planlagd. Det er spreidd busetnad i området.

I 2012 bygde Tysnes Kommune og Onarheim Idrettslag ny skistadion med tilhøyrande lysløype, litt lenger inne på skogsvegen i forhold til inntaket, og oppgraderte denne noko. Lysløypa er på mellom 5-13 m i bredde og om lag 1,7 km lang. Dei har planar om vidare utviding og opprusting av skogsveg til bilveg og parkeringsplass ved skistadion. Dersom vassdragsutbygginga kjem i etterkant av denne planlagde utvidinga vil det truleg ikkje vera behov for opprusting av vegen inn til inntaket, og ein står igjen med om lag 100 m veg inn til inntakskonstruksjonen. Dette inngrepet ligg i sin heilheit i nedbørsfeltet til kraftverket.

Det går ei 22 kV kraftline forbi Singelstad opp til Kletta, denne lina kryssar traseen for røyrgata. I samband med lysløype skal det i 2013 førast straum inn langs eksisterande skogsveg forbi inntaket fram til skistadion (lysløypa). 1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag
 Det er ikkje utført noko omfattande samanlikning av nærliggande vassdrag. Det er tatt utgangspunkt i www.atlas.nve.no og lokalkunnskap.


Tabell 1 Samanlikning av nærliggande vassdrag på Tysneshalvøya

Kraftverk	Status	Satt i drift	Størrelse
Flatråker	Utbygd	2003	0,90 MW
Sørdalen Kraft AS	Utbygd	2009	0,55 MW

Desse 2 kraftverka ligg begge sør-vest for Singelstadvatnet.

Solheimsdalen kraftverk er markert med nr. 6044 i kartutsnittet under.

Aust for tiltaksområdet er det gitt konsesjonsfritak for eit mikro- og eit minikraftverk, Årvika og Liaelva. Tilsvarande nord for Solheimsdalen er det gitt konsesjonsfritak for 5 mikro- og minikraftverk.



Figur 3: Oversikt over kraftverk i nærliggende vassdrag oppdatert mars 2107, www.atlas.nve.no

I samband med registrering av biologisk mangfold i utbyggingsområdet er det gjort ei vurdering av biologisk mangfold og naturverdiar i området. «Andre vassdrag i kystseksjonen vil nok kunne ha liknande utforming og økologiske forhold, men bekkekløfter knytt til vassdrag ytre strøk er nok mindre vanleg enn tilsvarende miljø i midtre og indre fjordstrøk. Elvedal-/bekkekløft som dette er så langt ikke kjent fra andre deler av Tysnes kommune.»

2. Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tabell 2 Hovuddata for kraftverket

TILSIG		Hovudalternativ	
Nedbørfelt*	km ²	9,02	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	32,4	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	114	
Middelvassføring	m ³ /s	1,03	
Alminneleg lågvassføring	l/s	41	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	45	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	50	
Restvassføring**	l/s	110	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	283	
Magasinvolum	m ³	6000	
Avløp	moh.	130	
Lengde på råka elvestrekning	m	1500	
Brutto fallhøgd	m	154	
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,336	
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,1	
Slukeevne, min	m ³ /s	0,080	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	45	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	50	
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	900-1000	
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	
Tilløpsrøyr lengde	m	1430	
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	m	-	
Installert effekt, maks	MW	2,7	
Brukstid	timar	2930	
REGULERINGSMAGASIN			
Ingen.			
PRODUKSJON***			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,9	
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,0	
Produksjon, årleg middel	GWh	7,9	
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	29,3	
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,7	

* Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

** Restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.


*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Tabell 3 Elektriske data for anlegget

Solheimsdalen kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	2,9
Spenning	kV	0,69
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	2,9
Omsetning	kV/kV	0,69/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m/km	0,4 km
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		Jordkabel

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Det er planlagt eit småkraftverk for å nytta vassressursar i Brekkeelva i Tysnes kommune. Utbygginga av vassdraget er planlagt med eit inntak i Brekkeelva på kote 278 moh. Feltareal ved inntak er 9.02 km². Middelafløpet er på 1.03 m³/s. Røyrsgata frå inntaket til kraftstasjonen er om lag 1430 meter. Kraftstasjonen skal plasserast ved Singelstadvatnet, på kote 130 moh, noko som gir et brutto fall på 154 m frå HRV i inntaksdammen. Samlet installert effekt er 2,7 MW(2,9 MVA). Årsproduksjon med foreslått minstevannføring lik 5-persentil sesongvassføring, er beregnet til 7,9 GWh.



Figur 4 Utsikt mot fjellet (Nedbørfeltet)

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlag for dimensjonering av kraftverket)

Hydrologisk grunnlag er henta frå Vedlegg 4 Hydrologiske kurver – NVE rapporter 2009 og 2011.

- Vassdragsnummer (regine): 054.5
- Vernestatus: Ikkje verna.
- Feltareal ved inntak kote 278: ca. 9.02 km² (areal berekna frå kart i målestokk 1:50 000).
- Høgdedifferanse i feltet: 278 – 737 moh.
- Effektiv sjøprosent: 2.0 %.
- Snaufjellandel: 73 %.



Figur 5: Nedbørsfeltet til Brekke-/Singelstadelva

NVEs digitale avrenningskart for perioden 1961-1990 gjev eit spesifikk normalavrenning i Brekke-/Singelstadelva på 114 l/s·km².

Dette tilsvare estimert årleg middlavrenning på 114 l/s·km² · 9.02 km² = 1 028 l/s = 1.03 m³/s, og eit midlare årsavrenning på 32.4 mill. m³/år.

Usikkerheita på avrenningskartet er opp mot ± 20 %, som i Brekke-/Singelstadelva tilsvare eit intervall på ca. 822 l/s - 1 234 l/s.

Hydrologiske berekningar:

Det eksisterer ikkje målingar av vassføring i det aktuelle vassdraget. Berekningar er derfor basert på

ei samanlikning og skalering av seriar for avrenning frå eit nedbørsfelt med liknande avrenningsforhold.

På bakgrunn av felteigenskapar og datakvalitet er det antatt at Røykenes 55.4 er mest representativ for forholda i Brekke-/Singelstadelva. Nedbørsfeltet til samanlikningsstasjonen er teikna inn på kart i Figur 6 i saman med Brekke-/Singelstadelvas nedbørsfelt.



Figur 6: Oversikt over nedbørfeltene til sammenligningsfeltene og Brekkeelva.

Målestasjon 55.4 Røykenes ligger ca 35 km nord for Brekkeelva. Feltarealet er større, og middelhøgda i feltet er noko lavar samanlikna med Brekkeelva, måleserien er frå 1934, og med god kvalitet. Sjølvreguleringsevna her er antatt litt større, enn for Brekkeelva. I Tabell 4 er nedbørsfeltene samanlikna.

Tabell 4: Feltkarakteristika

Stasjon	Måleperiode	Feltareal (km ²)	Snaufj (%)	Eff. sjø (%)	Q _N (l/s·km ²)	Q _m (l/s·km ²)	Høydeint. (moh.)
55.4 Røykenes	1934-d.d.	49.9	32	2.2	101	97.3	53 - 960
Brekkeelva	-	9.02	73	2.0	114	-	278 - 737

Q_N betegner årsmiddelavrenningen i perioden 1961-90 beregnet fra NVEs avrenningskart.

Q_m betegner middelavrenningen beregnet for observasjonsperioden til målestasjonen

Data frå Røykenes er tilpassa Brekke-/Singelstadelvas nedbørsfelt på 9.02 km² ved skalering av feltareal og spesifikk normalavrenning.

Skaleringsfaktoren som er nytta er: $(114 \text{ l/s}\cdot\text{km}^2/97.3 \text{ l/s}\cdot\text{km}^2) \cdot (9.02 \text{ km}^2/49.9 \text{ km}^2) = 0.212$


Hydrologisk regime:

Vassdraget har dominerande haust- og vinterflaumar og lågvassføringar inntreff oftast om sommaren og vinteren. Med grunnlag i skalert vassføringsserie for Røykenes i perioden 1934-2008 er variasjonane i middelavløpet frå år til år ved Brekke-/Singelstadelva presentert i Figur 7.

Ein må rekna ein variasjon frå år til år rundt $\pm 49 \%$ i forhold til normalavløpet.

Det er funnet at årsvløpet i Brekke-/Singelstadelva har variert mellom omlag 0,61 – 1,63 m³/s. I perioden er 1937 det tørraste året og 1967 det mest vann rike året basert på årsvolumet.

Desse dataene er som nemnd berekna med grunnlag i eit anna nedbørsfelt og ein kan rekna med at dei reelle årsvariasjonane i Brekke-/Singelstadelva kan avvika i større eller mindre grad frå dette.



Figur 7: Variasjon i avrenningen frå år til år i Brekke-Singelstadelva.


Avrenningas varigheit:

Nedbørsfeltet ligg mellom 278 og 737 moh, avrenninga er rask, men er dempa noko av fleire vatn og myr terrenget i vassdraget. Det kan påreknast stor vassføring ved nedbør, i alle deler av året.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 41 l/sek. Det er planlagt alminneleg lågvassføring heile året, i tillegg til dette kjem avrenning frå eit betydeleg restfelt nedstrøms inntaket. Flaumvassføringa vert relativt lite påverka av utbygginga.

Karakteristiske vassføringer i lågvassperioden og planlagt minstevassføring:

	År	Sommar (1/5 – 30/9)	Vinter (1/10 – 30/4)
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s)	41	-----	-----
5-persentil ⁱ (m ³ /s)		45	50
Planlagt minstevassføring (m ³ /s)		41	41



Figur 8 Varighetskurve for heile året

2.2.2 Overføringer

Det skal ikkje overførast noko vatn til vassdraget.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Det søkast ikkje om regulering utover inntaksdammen.

2.2.4 Inntak

Inntaket blir etablert på ca kote 280 i elva, ca 160 m nedanfor Gjermevatnet. HRV for overløpet blir kote 283, vasspegelen i inntaksdammen kjem under vasspegelen i Gjermevatnet (kote 283,9).

Det er planlagd som eit tradisjonelt overflateinntak med ein dam terskel av betong. Deler av dammen blir bygd som fyllingsdam, dette vil bli optimaliser ved detaljplanlegging. Terskelen får ei total lengde på ca. 20 m i overkant terskel og største høgde er ca. 3,5 m frå elvebotnen.


Terskelen blir utsyrt med tapperøyr for slepp av minstevassføring og tappeluke for utspyling av grus og sand.

Overløpet fører vatnet tilbake til elva på same plass som elva går i dag. Det er her solid fjellgrunn med større steinar som vil avgrensa utgraving nedstraums overløp.


Inntaket blir plassert i enden av dam terskelen, ca. 15 m frå overløpet. Inntakskonstruksjonen vil ligge delvis under bakkenivå med stengeventil og varegrind. Inntaksbassenget vil få eit samla volum på ca. 1600 m³, eit areal på ca. 0,45 da, største djupne blir ca. 3,5 m. Det vil vera behov for flytting av noko masse i inntaksbassenget. Dette vil bli lagt tilbake i nærområdet på passende plass i terrenget og arrondert.

Inntakskonstruksjonen blir detaljplanlagd ved godkjent konsesjonssøknad.

Inntak/dam Solheimsdalen kraftverk	
Damhøgde, [m]	3,5 m (maks.)
Dambreidde, [m]	20
Volum dam, [m ³]	1600
Neddemt areal, [m ²]	450
Installasjonar i dam/inntak:	Grovvarerist Finvarerist Bjelkestengsel for inntak Stengeventil på røyr Lufterøyr Uttak for minstevassføring Spyleluke i dam Sonde for vasstandsmåling Inntakshus/lukehus



Figur 9: Oversiktsbilde av inntaksdam og inntaksdemning sin plassering i terrenget




Figur 10: Området med inntak og overløpsterskel illustrert. Bilete teke frå oppstrøms side.

2.2.5 Vassveg

Røyrgate

Frå inntaket, førast vatnet inn i eit ca.1430 m langt tilløpsrøyr. Det blir nytta GRP røyr med diameter på 900-1100 mm. Tilløpsrøyrret vert lagt i grøft og overfylt med lausmassar sånn at det ikkje vert synlege permanente inngrep i traseen.


Røyrgate ligg for det meste på austsida av elva i myr og morenejord, røyrgate følger dalsøkk frå inntak til kraftstasjon og blir plassert som vist på kartet Vedlegg 3 Detaljert kart – utbyggingsområdet Det kan vera behov for noko sprenging i delar av traseen, truleg maksimalt 200 m. Det må takast ut omlag 50 m³ lauvskog i traseen inkludert stasjonsområde.



Figur 11 Parti frå elveløpet mellom inntak og Brekkefossen.



Figur 12 Utsikt mot Singelstadvatnet frå Skjolde.



Figur 13 Utsikt mot Brekkegelet.(Midtre del av elveløpet)

Tunnel

Tiltaket medfører ingen tunnelanlegg.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen skal plasserast på austsida av elva, i nærleiken av elveutløpet, på ca. kote 130 som vist på skisse Vedlegg 3 Detaljert kart – utbyggingsområdet.

Avløpet blir ført attende i Kletta-bekken gjennom ein avlaupskanal, som renn ned i Singelstadvatnet på austsida av hovudelva. Dette grunna høgda på elvebotnen i elveutløpet i forhold til kraftstasjonen. Det kan bli nødvendig med ei mindre endring av dette bekkeløpet rundt og nedstraums kraftstasjonen. Kraftstasjonsområdet får eit areal på ca. 0,8 da, og sjølve stasjonsbygningen blir ca 120 m². I stasjonen vil det bli nytta betongelement for å sikre mot støy.

Det må gjerast eit mindre tiltak i elva for å hindra at elva går over sine bredder og fløymer ut over stasjonsområdet. Stasjonsbygget blir oppført i same byggjestil som tradisjonen i området.


Fundamentet blir utført i betong og råbygget i tre.

Det skal installerast eit aggregat med generatoryting på 2,7 MW (2,9 MVA) ved 0,69 kV.

Turbinen blir ein pelton turbin, med ei samla slukeevne på 2,1 m³/sek. Det skal installerast ein transformator på 2,9 MVA med omsetjing på 0,69/22 kV

Det er ikkje planlagt noko form for forbi-tapping i kraftstasjonen.

Anlegget vil bli optimalisert ved detaljprosjektering og ytingane kan avvika noko.



Figur 14: Nedre del av influensområdet med kraftstasjon, tilkopling til 22 kV nett og røyrgata

2.2.6 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir køyrt med tilnærma konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Vasstand i inntaksbassenget vil variera ca +/- 5 cm. Effektkøyning er ikkje aktuelt.

2.2.7 Vegbygging

Det går kommunal veg fram til parkeringsplass ved Skjolda i Solheimsdalen. Frå denne går det ein eksisterande skogsveg fram mot inntaksdammen ca. 570 m, denne vil bli opp rusta (ved behov ref. arbeid med tilkomst til ny lysløype). Det vil bli opparbeidd ny tilkomstveg frå skogsveg til inntaksdammen på til saman 120 m.

Det vil bli bygd ny veg frå kommunal veg til kraftstasjonen, på til saman ca. 350 m.

Vegane blir bygd i 4 m breidde, i tillegg kjem grøfter, ryddebelte blir om lag 7 m.

Det er tilkomst til traseen frå fleire gards-/skogsveggar i området. Det blir dermed ikkje behov for nye midlertidig tilførselsveggar. Fleire av eksisterande tilkomstvegane vil kunna bli opprusta og/eller utvida noko dersom det er behov.

Sjå Vedlegg 3 Detaljert kart – utbyggingsområdet for skisse over utbygginga.

2.2.8 Massetak og deponi

Det vert ikkje trong for masseuttak eller deponi ved anlegget. Overskotsmassane ved inntak/dam, rørgata og ved kraftstasjonen vert nytta til terrengarrondering lokalt og vegbygging der det er eigna massar.

2.2.9 Nettilknytning (kraftliner/kablar)

Lokalt 22 kV nett:

Kraftverket er planlagt tilkople eksisterande distribusjonsnett (22 kV) med skiljebrytar vist på Figur 14 og på kartutsnitt frå Tysnes kraftlag vedlegg 8. Tilkoplingspunktet til distribusjonsnettet, blir ved eksisterande distribusjonstransformator 020 Kletta. Det blir lagt ny jordkabel (22 kV) type 95 AL, lengde 0,4 km mellom kraftstasjon og tilknytingspunkt.

I distribusjonsnettet er det ikkje behov for opp gradering av 22 kV lina som går til Kletta ved produksjon inntil 3 MVA. Tysnes Kraftlag må rusta opp lina grunna teknisk levealder innan 2020. Dei vil då auka linedimensjon til FeAl nr. 50. Tysnes Kraftlag legg opp til kostnadsdeling på deler av denne opp graderinga. Tysnes Kraftlag vil inngå avtale om driftsansvar på høgspenddelen av anlegget. Innmating gjev også eit positivt bidrag jamfør marginaltap i nettet, sjå *Vedlegg 8* for utdjupande informasjon.

Regionalt nett:

Det er på nåverande tidspunkt ikkje forhold på overliggende nett som gjer at det er behov for opprusting av regionalnettet. Grunnen er at den lokale lasta i distribusjonsnettet er større enn produksjonen i distribusjonsnettet, også etter aggregatet er satt i drift.

Det kan vera korte tidsrom dette ikkje er tilfelle, ved lettlast og store nedbørsmengder.

Som *Figur 15 Oversikt over kapasitet i regionalnettet [www.skl.as]* viser er det god kapasitet i regionalnettet for Tysnes kommune sin del.

Kraftsystemutgreiing for Sunnhordland og Nord-Rogaland – Offentleg utgåve

Kommune (Stasjon)	Småkraft-potensial [MW]	Ledig innmatings-kapasitet [MW]	Merknader
Sauda (Sauda 3)	63,8		Det er behov for nye 66 kV anlegg i området
Stord (Stord) (Bjelland) (Vabakken)	5,0	16 16 32	God kapasitet i regionalnettet
Suldal (Tysingvatn) (Hjorteland) (Moe) (Saurdal) (Kvilldal) (Nesflaten)	133,9	27 8 6 5 0 0	God kapasitet i regionalnettet med unntak av område Kvilldal og Nesflaten. Det er variabelt med kapasitet i distribusjonsnettet. Kontakt Suldal Everk for meir informasjon. Statnett har planar om ny transformator i Røldal Kraftverk, sjå forklaring kap. 6.1.3
Tysnes (Langeland)	12,8	20	God kapasitet i regionalnettet
Tysvær (Klovning)	7,3	20	God kapasitet i regionalnettet
Vindafjord (Ølen) (Vikedal)	40,4	32 20	Kapasiteten i regionalnettet kan verte problematisk grunna planar om vindkraft.
Andre	0,4		Ikkje småkraftpotensial
Sum	605		

Figur 5.4.1.2.3: Oversikt over innmatingskapasitet i regionalnettet

Figur 15 Oversikt over kapasitet i regionalnettet [www.skl.as]

Figuren er klypt frå *Regional Kraftsystemutgreiing, offentlig utgåve for Sunnhordland og Nord-Rogaland 2012-2021*. SKL Nett AS. , og viser kapasitet i nettet med tanke på innmatingskapasitet

[http://skl.as/SiteCollectionDocuments/Regional_kraftsystemutgreiing - Offentleg utgåve 2012.pdf](http://skl.as/SiteCollectionDocuments/Regional_kraftsystemutgreiing_-_Offentleg_utgåve_2012.pdf)

2.3 Kostnadsoverslag

Tabell 5 Kostnadsoverslag utbyggingskostnad 2017

Solheimsdalen Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	-
Overføringsanlegg	-
Inntak og dam	1,8
Driftsvassvegar	9,8
Kraftstasjon, bygg	1,8
Kraftstasjon, maskin og elektro	10,1
Kraftline	0,2
Transportanlegg	0,4
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	-
Uventa	2,3
Planlegging/administrasjon	1,8
Finansieringsutgifter og avrundning	0,8
Anleggsbidrag*	0,3
Sum utbyggingskostnader	29,3

*Anleggsbidraget er knytt til oppgradering av eksisterande 22 kV-linje med planlagt oppgradering innan 2020. Totalkostnad 1,1 MNOK (iflg. Tysnes Kraftlag, vedlegg 8). Solheimsdalen kraft sin del er estimert til 0,3 MNOK.

Kostnadsoverslaget er utarbeida i 2008 og justert til 2017 kostnadsnivå.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

- Utnytting av vassressursen i vassdraget utan større permanente inngrep.
- Ein total produksjon over året er berekna til omlag 7,9 GWh.
- Inntekt for grunneigarane og produsentane.
- Det offentlege vil få inntekter, jamfør gjeldene reglar for skatt og avgifter.
- Tysnes kommune vil direkte få eigedomsskatt etter gjeldene berekningsgrunnlag.
- 0,3 årsverk til drift av kraftverket.
- Sysselsetjing under prosjektering og bygging av kraftverket.
- Reduserte flaumtoppar i elva.
- Positivt bidrag jamfør marginaltap i nettet.

Ulemper

- Noko auka støy i lokalområdet, ved kraftstasjonen (støyreducerande tiltak skal vurderast).
- Fråføring av vatn i elva til produksjon
- Synleg inngrep til inntak, kraftstasjon og ca. 500 m ny veg.
- Midlertidig synleg trase for røyrgata (forbigående).
- Det er innslag av treslaget ask og alm i influensområdet.

2.5 Arealbruk og eideomsforhold

Arealbruk

Tabell 6 Oversikt over ulike inngrep i området

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	-	-	
Overføring	-	-	
Inntaksområde	4,0	3,5	Utmark
Røyrgate/tunnel (vassveg)	30,0	5,7	Ut-/innmark. 4m breidde bandlagt
Riggområde og sedimenteringsbasseng	1,0	-	
Vegar	3,5	3,0	Ut-/innmark
Kraftstasjonsområde	1,5	0,8	Innmark
Massetak/deponi	1,0	-	Ut-/innmark
Nettilknytning	-	-	Innmark
Sum	41	13	

Eideomsforhold

Fallrettane som vert utnytta er i privat eige, og det er 3 av grunneigarane som står bak utbygginga gjennom selskapet Solheimsdalen Kraft AS. Aksjeselskapet har inngått avtale om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga. Desse eideomane i Tysnes kommune vert råka; alle med adresse: 5694 Onarheim, sjå også

Vedlegg 7 Oversikt

Tabell 7 Oversikt over fallrettseigarar

Gnr / Bnr	Namn	Eigar
144/1	Sjolda	Reidulf Sjolde
145/1	Brekke	Hans Tore Brekke
147/1	Singelstad	Ellen og Knut Magne Dalland overtatt frå Klara og Sigurd Dalland
147/2	Singelstad	Hermod Singelstad
148/1og 2	Klette	Kjell Magne Klette

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Fylkesplan for små vasskraftverk i Hordaland: ”Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 - 2021”. Planen vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2009. Området Stord – Tysnes er omtalt i planen, kap. 5.6. Det er her lagt spesielt vekt på områder som er inngrepsfrie. Solheimsdalen vert ikkje vurdert å vere i denne kategori. «**Stord-Tysnes delområde** har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta vare på dei inngrepsfrie naturområda då desse kommunane har lite urørt natur. Dei fleste potensielle kraftverka ligg i område med stor verdi for friluftslivet og med sårbart høgjell av stor verdi.»

Kommuneplanar

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Det er frå Tysnes kommune gitt skriftleg positiv tilbakemelding på dispensasjon frå vedteke arealbruk ved etablering av elvekraftverket.

Samla plan for vassdrag (SP)

Kraftverket er under grensa for handsaming i samla plan.

Verneplan for vassdrag

Det er ikkje verneplan for vassdraget.

Nasjonale laksevassdrag

Det er ikkje laks i vassdraget.

Ev. andre planar eller beskytta område

Det er ikkje andre kjente planar tilknytt området

EUs vassdirektiv

Det føreligg ingen ferdig plan, fylkesutvalet i Hordaland vedtok på møte 29.11.11 planprogrammet for Forvaltningsplan for vatn 2016-2021.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Hydrologisk grunnlag er henta frå *Vedlegg 4 Hydrologiske kurver – NVE rapporter 2009 og 2011*.

Middelavrenninga er over året er berekna til $1,03 \text{ m}^3/\text{s}$. For sommar- og vintersesongen er middelavrenninga $0,85$ og $1,16 \text{ m}^3/\text{s}$. Dette er berekna på bakgrunn av observerte data for Røykenes i perioden 1934-2008. Vassføringsreduksjonen mellom inntak og kraftstasjon vil vera $\sim 72\%$ av tilsig i eit normalår (28% til restvassføring). Vassføringa varierer sterkt også i naturleg tilstand slik at det visuelle inntrykket av elva ikkje blir mykje endra. Ved større flaumar, når elva er mest synleg, vil mesteparten av vatnet renna i elva som i dag.

Som minstevassføring er det planlagt å sleppe 5-persentil sesongvassføring lik

45 l/s om sommaren (01.05 – 30.09) og

50 l/s om vinteren (01.10 – 30.04).


3.1.1 Variasjon i middelavrenning

Middelavrenninga kan i enkelte år avvika i stor grad frå normalavrenninga. Med bakgrunn i skalert vassføringsserie for Røykenes i perioden 1934-2008 er variasjonane i middelavrenninga år til år for Brekke-/Singelstadelva presentert i Figur 7. Det er venta ein variasjon år til år på rundt $\pm 49\%$ i forhold til normalavrenninga. Estimata for årsavrenninga i Brekke-/Singelstadelva har variert mellom omtrent $0,61$ og $1,63 \text{ m}^3/\text{s}$. I vasserien er 1937 det tørraste året og 1967 det våtaste året basert på årsvolum. Årsvariasjonane i Brekke-/Singelstadelva kan avvike i større eller mindre grad frå dette då tala er skalert frå vassføringsserie for Røykenes.

3.1.2 Avløpets fordeling over året


Avløpets sesongvariasjon antas å stemme overeins med sesongvariasjonane ved Røykenes i stor nok grad til å nytte denne serien. Figur 16 visar middelvassføringa (fleirårsmiddel), medianvassføringa (fleirårsmedian) og minimumsvassføringa (fleirårsminimum) i Brekke-/Singelstadelva fordelt over året, utarbeida på grunnlag av observert vassføring ved Røykenes i perioden 1934-2008.

Både fleirårsmiddel og fleirårsmedian gjev eit bilde av midlere avrenningsforhold. Lågsvassføringane inntreff om seinsommaren og vinteren.



Figur 16 Kurva viser sesongvariasjon i vassføringa i m³/s i Brekke-/Singelstadelva basert på fleirårs døgnerverdiar. Fleirårsmiddel, fleirårsmedian og fleirårsminimum er presentert. Sesongvariasjonane er antatt å samsvare tilstrekkeleg med nedbørfeltet til målestasjon Røykenes.

Figur 17 viser korleis maksimale flaumar er fordelt over året. Haust- og vinterflaumen er dominerande. Figuren viser døgnmiddelvassføringar, kulminasjonsvassføringar er noko større.



Figur 17 Maksimale flaumar som døgnermiddel i m³/s i Brekke-/Singelstadelva.

3.1.3 Restvassføring

Restvassføringa er lik slukeevna minus den estimerte vassføringa ved inntaket. Når tilsiget er større enn største slukeevna til turbinen, vil alt overskytande vatn gå som restvassføring. Når tilsiget er mindre enn summen av lågaste slukeevne og minstevassføringa, vert heile tilsiget sleppt.

Tabell 8 Kraftverksdata

	Største slukeevne (m ³ /s)	Minste slukeevne (m ³ /s)	Minstevf. (m ³ /s)
Kraftverk	2,096	0,080	0,041

Tabell 9 Restvassføring i mill. m³/år for eit tørt, middels og vått år og i snitt for perioden 1934-2008. Prosentandelen av middelavrenning i same periode er gitt i parentes.

Tørt år (1937)	Middels år (1997)	Vått år (1967)	Gjennomsnitt (1934-2008)
5,7 (29 %)	9,5 (29 %)	16,6 (32 %)	8,9 (27 %)



Antall dager i et tørt, middels og vått år hvor vannføringen er større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne + minstevassføring, samt middelvassføring er vist i Tabell 10

Tabell 10 Oversikt over vassføringar utover slukeevne på kraftverket



	Tørt år	Middels år	Vått år
Middelvassføring [m ³ /s]	0,61	1,05	1,63
Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne	29	53	84
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne	124	58	13

Q_{min} = 0,080 [m³/s] Q_{max}=2,097[m³/s]



Kurvane nedanfor viser vassføring i Brekkeelva like nedanfor inntakspunkt før og etter ei utbygging i eit tørt (1937), middels (1997) og eit vått år (1967). For synleggjering av variasjonar ved liten vassføring er detaljkurve med 0 – 1 m³/s på vertikalaksen.



Figur 18. Vassføringstilhøva i Brekkeelva like nedstrøms inntaket før og etter utbygging i eit tørt år (1937)




Figur 19 Vassføringstilhøva i Brekkeelva like nedstraums inntaket før og etter utbygging i eit middels år (1997)



Figur 20 Vassføringstilhøva i Brekkeelva like nedstraums inntaket før og etter utbygging i eit vått år (1967)

Vassføring i restfelt:

Vassføringa i restfeltet nedstrøms inntak er berekna på bakgrunn av observerte data ved Røykenes. Restfeltet mellom inntaket og utløpet til kraftverk er ~ 1.21 km² og har ei middelavrenning på rundt 110 l/s. Dette gjer at restfeltet er ca 13 % av nedbørsfeltet oppstrøms inntaket. Rundt halvparten av restfeltet kjem inn frå myrområde nedanfor inntaket og restfeltet vil derfor bidra med eit betydeleg tilsig på utbygd strekning.



Figur 21 Restfeltet (rød stipla strek) mellom inntak og utløp til kraftverket.

Den totale vassmengda på elvestrekninga nedstrøms inntak er då summen av minstevassføring og vassføring i restfelt.

3.2 Vass temperatur, isforhold og lokalklima


I kuldeperiodar er det lite vassføring slik at produksjonen er liten og kraftverket vil stanse. Dermed blir temperaturen i elva lite påverka av dette. I regnperiodar vil mengda vatn som renn i elva vera tilstrekkeleg til å oppretthalda temperaturen i vassdraget som før. Redusert vassføring vil om vinteren føre til litt tidlegare islegging i elva og om sommaren til litt auka temperatur.

Verknad for vass temperatur, isforhold og lokalklima:				
Stort neg	Midd. Neg	Lite	Midd pos	Stort pos
-----	-----	-----	-----	-----
^				

3.3 Grunnvatn

Utbygginga har truleg liten/ingen konsekvens for grunnvatn sidan elva ligg på fjellgrunn på elvestrekninga nedstrøms inntak. I tillegg ligg eit større myrområde rett nedstrøms inntaksdammen,

der om lag halvparten av tilsiget frå restfelt rekna til 110 l/s (middel) kjem inn. Det er ikkje utført undersøkingar rundt påverknad av grunnvatn frå utbygginga. Dagens situasjon vert venteleg ikkje endra ved ei utbygging med foreslått minstevassføring.



3.4 Ras, flaum og erosjon

Flaum:

Den simulerte vassføringa for tørråret (1937) viser over 10 periodar med vassføring over 2,1 m³/s som tilsvarer maks slukeevne. Det er i alle simulerte vassføringane (tørrår, middelsår, våttår) vassføringar opp mot, og over 10 m³/s. Kraftverket vil redusera flaumtoppane noko, men relativt lite i dei periodane med mest ekstrem vassføring, som til dømes ved vassføring som på Figur 29. Periodane med mest ekstrem vassføring er spreidd utover året. Normalt er dei største vassføringane på haust og vinter. Det kan bli betydeleg vassføring på våren om denne er mild og det er større snø mengder i fjellet. Sommaren er perioden med generelt minst vassføring.


Erosjon:

Elva renn på fjellgrunn med stabilt elvelaup på elvestrekninga nedstraums inntaket. Elva går i ein djup dal, naturleg utskoren i fjell over ein lengre strekning, og fjellet er punktvis synleg mellom store og små steinar på heile strekninga frå inntak til kraftstasjonen. Røyrgata og kraftstasjonen er plassert i slakt hellande og stabilt terreng med morene masse i stor utstrekning. I området mellom inntak og elvekløfta ligg elva i flatt terreng, i myr og erosjonen er mindre. Fjellgrunn er synleg på denne strekninga også, mellom små og større stein. Faren for tilslamming er størst i anleggsperioden, sjølv om trykkrøyret vert lagt eit stykke frå elva. Nedstraums inntaksdammen vil det ved store vassføringar vera potensial for noko utgraving og sedimenttransport. Det blir vurdert behov for å ta omsyn til dette i konstruksjon av overløpet.

Inntaksdammen og inngrepet med fråføring av vatn vil ikkje endra den naturlege erosjon og sedimenttransport nemneverdig då det er relativt mindre påverknad ved store vassføringar.

Ras:

Det kan vera mindre rasfare i området (i elva) rett ovanfor kraftstasjonen. Utbygginga vil mest truleg redusera denne utgravinga då utbygginga vil redusera vassføringa noko. Elles er heile tiltaksområdet sjekka mot skreddata i NVE sin skredatlas (<http://skredatlas.nve.no>). I hellinga over kraftstasjonen og ligg eit utløyingsområde for snøskred og eit for steinsprang. For snøskred ligg stasjonen og nedre del av trykkrøyret i ytterkant av utløpsområde for snøskred, men ikkje for steinsprang. Området er ikkje definert som fareområde for skred. Ein kjenner heller ikkje til lokalt at det har vore skredhendingar i området.



3.5 Raudlisteartar


Det er utført fleire feltundersøkingar rundt biologisk mangfald for tiltaket i 2008 og ein tilleggsundersøking i 2011, desse undersøkingane er omtala rapporten om biologisk mangfald, vedlegg 9. To raudlista artar (raudliste 2015) er påviste, alm og ask, begge i kategori VU.

Tabell 11 Raudlista artar* registrert innan tiltaks- og influensområdet i Brekkeelva. Kategoriar iht raudliste 2015.

Artsgruppe	Rødlisteart	Rødlistekategori	Funnsted	Påvirkningsfaktorer*
Karplanter	Ask <i>Fraxinus excelsior</i>	VU	Brekkedalen	Sykdom. Skogbruk.
Karplanter	Alm <i>Ulmus glabra</i>	VU	Brekkedalen	Sykdom. Skogbruk.

*: Kilde: Artsdatabanken-Artskart.

Alm og ask er påviste langs elvekant i nedre del av tiltaksområdet og vert lite/ikkje påverka av anleggsarbeidet. Verknaden er difor sett til «lite påverka».




Det er også registrert tre raudlista naturtypar (raudliste 2011); elveløpet, Fosseberg i Brekkeelva og ei open myrflate.

Tabell 12 Raudlista naturtypar i tiltaks- og influensområdet:

Rødlistet naturtype	Rødlistekategori	Funnsted	Påvirkningsfaktorer*
Elveløp	NT	Brekkeelva	Kraftreguleringer, andre inngrep
Fosseberg	NT	Brekkeelva	Vannkraftreguleringer, redusert vannføring
Åpen myrflate	NT	Ved Brekkeelva	Utgrøfting, skogbruk mm

*Kilde: www.artsportalen.artsdatabanken.no/

For naturtypen «open myrflate» er utgrøfting som endrar fukttilhøva den viktigaste negative påverkningsfaktoren. Dette kan avbøtast med tette omfyllingsmassar i grøfta (hindre drenasje). For negative konsekvensar av redusert vassføring i Brekkeelva, elveløpet og fosseberget, er mogelege avbøtande tiltak minstevassføring. Men sjølv med foreslått minstevassføring vil kantvegetasjon og biologisk produksjon i elva bli negativt påverka, ref. biologisk rapport vedlegg 9. Med bakgrunn i desse avbøtande tiltaka vert verknaden av ei utbygging vurdert som middels negativ for dei raudlista naturtypane.



3.6 Terrestrisk miljø

NNI har utført feltarbeid både i 2008 og 2011, der heile den råka elvestrekninga er undersøkt, viser til Vedlegg 9 for utfyllande informasjon.

